
Fra: Ståle Villanger
Sendt: tirsdag 16. august 2016 15.28
Til: Postmottak Radøy
Emne: Vedr søknad om kai/ flytebrygge

Hei

Vedr sak 16/658- 16/9638
Kai/ flytebrygge
Klage på vedtak

Ynskjer med dette å klage på vedtak.

Det er søkt om Kai (4,5x7mtr) og flytebrygge (3x4 mtr) utan å få gjennomslag for dette. Negative argument frå bl.a. fylkesmann og kommune er:

"Nedbygging av strandsona.."

"Kommunen arbeider med en kommunedelplan.."

"Storleik på tiltak..."

Dette dreier seg ikkje om nedbygging av strandsona, men å tilretteleggje for bruk av båt og naust. Det lar seg ikkje gjere pr i dag, då det er eit område som er svært langgrunt (ca 12 mtr på fjæra sjø). Ein kai her vil heller ikkje vere til hinder eller sjenanse for andre, då det ligg avskjerma for seg sjølv inne i ei vik. (Skulle gjerne evt lagt ut ein ile i staden som eit alternativ, om det lot seg gjere. Men då kan båten kun nyttast på full flo...).

Når det gjeld kommunedelplanen, så kan det sjå ut til at dette vil ta svært tid. Ein snakkar sannsynlegvis mange år fram i tid... Eg ynskjer å kunne nytte naustet no, ikkje vente i mange år før ein ny kommunedelplan evt er på plass.

Når det gjeld storleik på tiltak, er det søkt om denne storleiken mtp det langgrunne landskapet som tilseier at denne storleiken vil vere fornuftig for å kunne nytte båt/ naust. Slik også dei andre nausta i området har måtte gjort.

Om ønskelig, kan eg lage ein mindre Kai, feks 3x7 mtr. Dvs berre 3 mtr ut frå naustet, noko som er ein heilt anna storleik enn det som blei søkt om første gongen. Kan også lage ei mindre flytebrygge, så sant ei mindre brygge enn på 3x4 mtr er stabil nok til å brukast som ei flytebrygge når hauststormane kjem...

Ynskjer difor i klagen om å endra søknad på storleik, til 3x7 mtr.

Håper de kan sjå at det her er eit svært stort og reelt behov for dette tiltaket. Utan kai og bryggje, sit eg igjen med eit naust som eg og familien min ikkje kan nytta....!

Mvh
Ståle Villanger

Sendt fra min iPhone